


Varig eng som effekt av slåttetidspunkt og overvintring

Andelen av dei ulike artane vi sår i engar endrar seg utover åra. Vanlegvis har vi forsøksfelte berre i tre år, medan i praksis på gardane vert engar liggande i både fire og seks år. I dette forsøket ynskje ein å sjå på korleis delen av dei ulike artane blir i litt eldre eng. Vi høstar førsteslått på to ulike tidspunkt, medan andreslått vert høsta til same tid i heile feltet.



Torhild Svisdal Mjøen

Seniorrådgiver

Rolf Morten Dørum, Oppdal

Sådd: 07.06.21

Høstet: 17.05.25

Jordart:

Forgrøde:

Forsøksserien er landsdekkande med dei breiaste engfrøblandingane som såvarefirmaene har tilpassa kvar landsdel. Vårt felt i Trøndelag for denne NIBIO serien, er i Oppdal hjå Rolf Morten Dørum, og var sådd 7.juni 2021.

Blandingane i vårt felt er i gruppe 4 som tilsvarer: Fjellstroka:

1: Strand nr 5

2: Spire surf /beite ekstra vintersterk (FK)

3: Eiga blanding med Timotei Lidar 50%,Engsvingel Vinjar 15%,Kvitkløver Litago 12%. Rødkløver Gandalf 6% og 17% Sikori+Smalkjempe

4: SPIRE surf u kløver ekstra vintersterk (AGRI) + 10 % Gandalf Rødkløver

Slåttetidspunkt	1. slått	2. slått
Tidlig førsteslått (H1)	07.06.2024	26.08.2024
Normal førsteslått (H2)	17.06.2024	26.08.2024

Slåttetidspunkt	Sortsblanding	1. slått	2. slått	Sum
Tidlig 1. slått	1	226	736	962
	2	283	630	913
	3	258	815	1073
	4	224	705	929
Normal 1. slått	1	365	689	1054
	2	352	651	1003
	3	366	723	1089
	4	373	676	1049
	p-verdi	0,142	0,23	0,142

Kunnskap så langt

Resultatet frå dei første åra seier lite om forholdet mellom arter enno. Men vi finn ikkje att Sikori +Smalkjempe som var sådd, det er lite kløver også. Når det gjeld skilnaden i høstetid i 2024 med tidleg slått 7.juni og normal 17.juni fekk ein større tørrstoffavling i førsteslått med å vente. Dette er auke frå 248 til 364 kg ts pr daa, men kvaliteten går mykje ned, frå godt over 0,9 FEm til under 0,85 FEm pr kg ts med å utsette slått i 10 dagar. Auken i avling i andreslått 26.august jamnar ikkje ut den mindre førsteslått sjølv med 10 dagar lengre veksetid. Det er også avlingsforskjell på sortsblandingane vi har brukt mht avling. Totalt for året gjev den tidlege førsteslått mindre avling, men betre kvalitet i førsteslått. Den seine andreslått har gjeve ein svert låg foreiningskonsentrasjonen, da vi kom ned i 0,77-0,78 FEm pr kg ts.

Forsøksledd	1. slått	2. slått	Sum
Sortsblanding			
1	296	712	1008
2	318	641	958
3	312	769	1081
4	299	690	989
p-verdi	0,540	0,338	0,540
Slåttetidspunkt			
Tidlig 1. slått	248	722	970
Normal 1. slått	3,64	685	1049
p-verdi	0,091	0,456	0,091

Slåttetidspunkt	Sortsblanding	1. slått	2. slått	Sum
Tidlig 1. slått	1	226	736	962
	2	283	630	913
	3	258	815	1073
	4	224	705	929
Normal 1. slått	1	365	689	1054
	2	352	651	1003
	3	366	723	1089
	4	373	676	1049
	p-verdi	0,142	0,23	0,142

2025: I det fjerde engåret skal ein gjere ei grundig botanisering frå førsteslått. Det blir spennande å fylje opp dette feltet fleire år.

Forsøksserien går mange plasser i landet, også i områder som tar tre slåtter. [Her kan du lese om resultater fra Sarpsborg.](#)